

REDEGJØRELSE ETTER ÅPENHETSLOVEN FOR 2024

Generelt om selskapa

Denne redegjørelsen gjelder selskapene Termo Partner AS (mor) og Termo Partner Transport AS (datter).

Termo Partner AS

Termo Partner AS blei etablert i 1991. I Termo Partner AS sørger vi for spedisjon for vårt datterselskap. Selskapet har etablert seg som ein leiande aktør for transport av blomster og plantar i Noreg. Selskapet sitt hovudkontor er i Stryn og har samla sett 11 årsverk.

Termo Partner Transport AS

Termo Partner Transport AS blei etablert i 1991. Termo Partner Transport AS tar seg av transporten for vårt morselskap Termo Partner AS. Selskapet har etablert seg som ein leiande aktør for transport av blomster og plantar i Noreg. Selskapet sitt hovudkontor er i Stryn, medan utgangspunktet for bilparken er lokalisert hjå største eigar, AS Blomsterringen Engros på Skjetten. Samla sett har Termo Partner Transport AS ca 90 årsverk.

Kvifor er sosial bærekraft viktig?

Sosial bærekraft handlar om å arbeide for at alle menneske skal ha like sjansar til eit stabilt helsefremmande liv, jobbe og leve utan nokon form for diskriminering. Stabile og inkluderande samfunns- og arbeidslivforhold er ei viktig brikke for at eit menneske skal ha eit trygt og stabilt liv. Sosialt bærekraftige samfunn er samfunn som er prega av tillit, trygghet, tilhøyrse og tilgang til godar som arbeid, utdanning og gode nærmiljø.

Korleis vi arbeider med sosial bærekraft

I begge selskapa er det dagleg leiar som har hovudansvaret for at våre leverandørar lev opp til våre krav om sosial bærekraft. Kvar enkelt ansatt har også ansvar for å leve opp til vår standard om sosial bærekraft når dei leiger inn tenester frå nye leverandørar.

Termo Partner AS

Vi har vurdert risiko for brot på menneskerettar og anstendige arbeidsforhold i samtlege innkjøpskategoriar av bedrifta sin leverandørar. Vår viktigaste innkjøpskategori er undertransportørar. Det er ein bransje der risiko for uanstendige arbeidsforhold er høg og denne delen av vår leverandørkjede blir derfor prioritert med tanke på tiltak og oppfølging. Vi ønsker å sikre at våre leverandørar har ansatte som har arbeidsavtalar, dokumentert lønn, at arbeidstidsbestemmelsar blir overhaldt og at dei ansatte si helse og sikkerheit blir ivaretatt. Mykje av dette går igjen i Påsynskravet. Arbeid med Påsynskravet har vi leigd inn Transportkompetanse AS til å ta seg av for oss.

- Vi vil vurdere alle nye leverandørar utifrå risikosone. Meiner vi dei er middels eller høg risiko, vil vi gjennomføre bakgrunnsjekkar, egenevalueringar og vi vil også kunne ta uanmeldte kontrollar med intervju av sjåførar/kontroll av køyretøy.
- Om vi oppdagar feil, manglar eller brot på lover og reglar, må leverandøren rette opp forholda innan ein satt frist. Om nokon ikkje er villige til å rette opp i forholda, vil dei ikkje kunne fortsette som leverandørar for Termo Partner AS.



Termo Partner Transport AS


Vi har vurdert risiko for brot på menneskerettar og anstendige arbeidsforhold i samtlige innkjøpskategoriar av bedrifta sin leverandørar. Vår viktigaste innkjøpskategori er lastebil og tilhengere, drivstoff, ferje, veiavgift, deler/utstyr og vedlikehold. Det er ein bransje der vi anser risikoen for uanstendige arbeidsforhold som lav. Vi ønsker å sikre at våre leverandørar har ansatte som har arbeidsavtalar, dokumentert lønn, at arbeidstidsbestemmelsar blir overhaldt og at dei ansatte si helse og sikkerheit blir ivaretatt.

- Vi vil vurdere alle nye leverandørar utifrå risikosone. Meiner vi dei er middels eller høg risiko, vil vi gjennomføre bakgrunnsjekkar, egevalueringar og vi vil også kunne ta uanmeldte kontrollar med intervju av sjåførar/kontroll av køyretøy.
- Om vi oppdagar feil, manglar eller brot på lover og reglar, må leverandøren rette opp forholda innan ein satt frist. Om nokon ikkje er villige til å rette opp i forholda, vil dei ikkje kunne fortsette som leverandørar for Termo Partner Transport AS.

Vurdering av eiga bedrift

Vår visjon er å være den beste partner for dagane som kjem. Samfunnsansvar er ein del av dette, og våre innkjøp utgjør ein viktig del av korleis vi utøve vårt samfunnsansvar. I den forbindelse innhentar vi løpande informasjon frå våre leverandørar om korleis dei arbeider med bærekraft.

Selskapa sine leverandørkjeder og største innkjøpskategoriar



Konkret om kartleggingsarbeidet og risikovurderingane

Alle leverandører og forretningspartnere med årleg total spend på minimum 100.000,- på tvers av begge selskapa er vurderte. Merk at vi har ekskludert engangskjøp og fokuserer på gjentakande spend i denne vurderinga.

PO

I 2024 var dette totalt 78 leverandører med følgende fordeling per land:

- DE: 3
- DK: 7
- LT: 1
- NL: 3
- NO: 60
- PL: 1
- SE: 3

Risikovurderinga baserer seg på ei samla vurdering av geografisk og bransjerisiko. I risikovurderinga er to av leverandørane klassifiserte til middels risiko, medan resterande (76) er klassifiserte til lav risiko.

Kva er konkret avdekka

Bakgrunnen for lav risiko på 76 selskap, er at selskapa på i stor grad er kjente norske, nordiske og internasjonale selskap. Vi har samarbeida lenge med samlege av desse leverandørane, og ut frå vår erfaring og kjennskap, så har vi ikkje funne nokon avvik.

Dei to leverandørane som er klassifiserte til middels risiko er undertransportørar frå Litauen og Polen. Dette er begge store selskap som operer i Norge og med fleire norske kundar. Vi erkjenner likevel at det kan være vanskeleg å ha kontroll på denne typen selskap som opererer frå Øst-Europa.

Tiltak

Når det gjeld undertransportørar fell desse under kravet om påsynskrav. Vi kjøper tjenester med Transportkompetanse AS som gjennomfører påsynskrav av våre undertransportørar. Dei innhentar da arbeidskontraktar, lønsslippar etc, for å ettergå at arbeidarane har dei goder dei har rett på. Dette blir 100 % utført på faste undertransportørar, men det kan være avvik på transportørar en finner i spotmarkedet for ein tur.


Våre tiltak til eksisterande forretningspartnarar/leverandørar, er at vi skal ha ei årleg revidering av deira risikoklassifisering. Dette skal skje årlig ila Q1.

I tillegg skal det alltid gjennomførast ei sosial risikovurdering, i tillegg til andre risikovurderingar, i tråd med Åpenhetsloven av nye leverandørar/forretningspartnarar. Dei skal risikovurderast og klassifiserast før ein kan kjøpe tjenester eller varer frå dei. Avdekkar ein høg risiko, kan ikkje vedkommande tilbydar veljast. Ved middels risiko, må ein innhente informasjon til at ein trygg på leverandøren/forretningspartnaren.


Kontaktinformasjon

Henvendelsar om denne redegjørelsen kan rettast til Rune Ommedal (CFO) på post@termopartner.no.

Stryn, 28.03.2025


Rune Ommedal, Dagleg leiar

Asker, 28.03.2025


Rolf Müller, Styrets leiar